



Rune Gaustad
Gaustad 30
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1867 - 16/14434

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
11.07.2016

GBNR 39/27 – Melding om mangel ved septiktank

Meland kommune har 07.09.2015 motteke melding frå føretaket Johny Birkeland Transport AS om dårleg lokk på septiktank på eigedommen gbnr 39/27.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 28-6 at «Basseng og brønn skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres fra å falle i dem». Kravet her gjeld alle opne behaldarar for væske.

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at septiktanken til ei kvar tid er sikra. Ein usikra eller dårleg sikra kum kan føra til at menneske eller dyr fell ned i kummen. Lokk på kum må vera utført i solide materialer og vere så tett at ikkje barn kan komme igjennom det, samt vere forsynt med forsvarleg lås eller anna stengsel, slik at det ikkje lett kan løftast av eller skuvast til side

I plan- og bygningslova (pbl) § 31-3 står det mellom annet følgjande om sikring og istandsetting:

«Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø, og slik at de ikke virker skjemmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene. Blir plikten ikke overholdt, kan kommunen gi pålegg om sikring og istandsetting.»

Septiktanken må sikrast umiddelbart og forsvarleg lokk må monterast. Frist for arbeidet vert sett til 15.08.2016.

Dersom lokket allereie er utbetra ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagt skjema.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å sikra septiktanken, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Forhåndsvarsel om pålegg om sikring og istandsetting:

I samsvar med pbl § 32-2 første ledd, vert det med dette gjeve varsel om at kommunen kan gjera vedtak om å pålegge dykk å sikre septiktanken, dersom arbeidet ikkje vert utført innan fastsett frist. Heimel er pbl § 31-3.

Forhåndsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

Dersom slikt pålegg ikkje vert etterkome, har kommunen høve til å fastsetje tvangsmulkt. Heimelsen er pbl § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel. Pålegg som ikkje vert etterkome vil kunne følgjast opp med forelegg, som kan få verknad som ein rettskraftig dom, jf. pbl § 32-6.

Tilbakemelding

Når det er montert forsvarleg lokk på septiktanken må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Legg ved bilete som syner at det er montert forsvarleg lokk. Skjema og bilete sender du til

- postmottak@meland.kommune.no eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

39-27 Skjema for tilbakemelding - lokk

Mottakere:

Rune Gaustad

Gaustad 30

5918

FREKHAUG